



I dag, 09.09.09, giftar dei seg, Britt Iren Tjelle (30) frå Halsnøy og Hans Ordin Østebø (40) frå Uskedalen i Uskedalen kyrkje. Dei er kva ein kan kalla datofikserte. Dei forlova seg 05.05.05.

Men det stoppar ikkje med dei to. Bror til Britt Iren, John Olav Tjelle, gifta seg 07.07.07. etter at også han hadde forlova seg 05.05.05-

Kvinnheringen presenterer brudeparet under overskrifta 'Leikar med like tal'. Til overmål er det brudgommen sin 40-årsdag i dag.

Journalisten spør om det vil skje noko spennande 10.10.10. Paret blir samde om ikkje å lova for mykje, men det er lov å håpa.